

## Referat frå rådsmøte 25. oktober 2011.

Tilstades: Regionordførar Anne-Nora Oma Dahle, Hilde Alice Vågslid, Torstein Tveito, Jon Svartdal, Arne Vinje.

Hans Bakke, Therese Hauger, Per Dehli, Ketil Kiland, Kjell Gunnar Heggnes. Hans Kristian Lehmann, Sverre Sæter, Haldor Kaasin  
Fylkesordførar Terje Riis Johannesen og Jon Skriubakken  
Møteinnkallinga dagsett 17. september 2011 og sakliste vart godkjent utan merknader.

### Sak 59/2011 Referat frå rådsmøte 20. september 2011.

*Vedtak: Referat frå rådsmøte 20. september 2011 vart godkjent utan merknader.*

*Samrøystes*

### Sak 60/2011 Oppretting av Vest-Telemarkrådet som § 27-selskap - forslag til forstudie vidare organisering av VTR

Regionrådsleiaren orienterte innleiingsvis om bakgrunnen for saka. Etter ordskifte vart det gjort slikt vedtak:

*Vedtak:*

*”Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til forstudie/forprosjekt med framlegging av rapport innan 6. januar 2012 der ein får ei evaluering av dagens situasjon og tilråding for vidare arbeid med forslag til prosjektplan for eit hovudprosjekt”*

*Samrøystes*

### Sak 61/2011 KVU for E134 Kongsberg -Gvammen, høyring

Kjell Gunnar Heggnes orienterte om sakshandsaminga. Jon Skriubakken orienterte om fylkeskommunen si handsaming. Fylkesordføraren understreka at heile fylket står samla i desse sakene. Vi står no på randen til å få gjennomslag, men det krev oppfylging med midlar ifrå Stortinget i åra som kjem.

*Vedtak:*

*”Vest-Telemarkrådet stør tilrådinga i KVU for E134 Kongsberg Gvammen nærare bestemt konsept 4 som tilseier full utbygging utanom Notodden sentrum. Dette inneber etappevis utbygging der strekningane Saggrenda – Elgsjø og Ørvella Gvammen er prioritert i fase 1 og strekningen Elgsjø – Ørvella i fase 2. Vest-Telemarkrådet stør også forslaget om å setje i gang arbeidet med reguleringsplanarbeid på strekninga Ørvella – Gvammen samt konsekvensutgreiing (KU) på strekninga Saggrenda – Ørvella.”*

*Samrøystes*

### **Sak 62/2011 KVU for E39 Aksdal - Bergen, høyring**

Anne Nora Oma Dahle orienterte om saka.

*Vedtak:*

*” Vest-Telemarkrådet tilrår at alternativ 5B i konseptvalutgreiinga for E39 Aksdal – Bergen blir lagt til grunn med tanke på vidare planlegging og utbygging av E39 på strekninga Aksdal – Bergen.*

*Vest-Telemarkrådet viser til at dette alternativet har dei lågaste investeringskostnadene og at det ikkje er spesielle tekniske utfordringar knytt til dette.*

*Vidare ivaretek dette alternativet det langsiktige transportbehovet i landsdelen både nord-sør og aust-vest og gjev det beste samspelet mellom E39 og E134.”*

### **Sak 63/2011 Strategisk Næringsplan - Felles reiselivsprogram for Vest-Telemark, forstudie/oppretting av styringsgruppe.**

*Haldor Kaasin, VTNU orienterte om bakgrunn og innhaldet i saka.*

Jon Skriubakken orienterte kort om denne prosessen frå fylkeskommunen sin ståstad.

*Vedtak:*

*”Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til forstudie gjeldande felles reiselivsprogram for Vest-Telemark og oppnemner dei reiselivsansvarlege i kommunane som styringsgruppe for tiltak 2-2 i Strategisk næringsplan. Fylgjande personar vert oppnemnt:*

*Anne Midjås, Tokke kommune*

*Tor Borgenvik, Kviteseid kommune*

*Asbjørn Storrusten, Seljord Kommune.*

*Kari H. Olstad, Nissedal kommune.*

*Edvard Nesland, Fyresdal kommune*

*Toril Nicolaisen, Vinje kommune ”*

### **Sak 64/2011 Strategisk Næringsplan - Utbygging av breiband/mobilnettet.**

*Børge Skårdal, VTNU orienterte om saka.*

*Mobil: Avtale med Telenor og kommunane i Vest-Telemark om bygging av 10 nye mobilmaster. Her er det nytta statlege midlar via fylkeskommunen med kommunal økonomisk medverknad. Her kjem det framleis til å skje utvikling, sjølv om ein ikkje har konkrete planar no. Det er komen opp nokre nye prosjekt frå kommunane og ein etterlyste ei drøfting av ambisjonsnivået på dette området.*

*Breiband; Fiberutbygging gjev den beste breibandutviklinga. Det er no på trappene ei utbygging på omlag 5 mill. Det er vidare eit samarbeid med krafilaga om utgreiing av fullverdig utbygging av fiber til dei aller fleste bedrifter og hustandane i Vest-Telemark. Ein slik utbygging krev eit spleiselag der utbyggarane tek halvparten av kostnaden. Den andre halvparten må dekkast gjennom midlar frå staten, fylket og kommunane. I perioden 2013-15 må kommunene og fylkeskommunen/TUF rekne med at det vil kome søknader om*

midlar til breibandutbygging i Vest-Telemark. Det er også her eit ynskje om å drøfte ambisjonsnivået på fiberutbygginga.  
Til neste rådsmøte vil det kome ein konkret plan for utbygging av fiber i Vest-Telemark.

*Vedtak:*

*”Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.”*

### **Sak 65/2011 Vest-Telemark vidaregåande skule**

**Tove Haavelmoen og Per Stordrange**, Vest-Telemark vidaregåande skule orienterte om skulen. og tilboda dei har.

*Yrkesfaglege program:*

*Helse og sosialfag*

*Teknikk og industriell produksjon*

*Studiespesialiseande program:*

*Realfag*

*Språk, samfunnsfag og økonomiske fag*

*Vest-Telemark Ressurssenter*

*Utviklingsprosjekt*

*Kurstilbydar*

*Vaksenopplæring*

*Verdiar & visjonar:*

*Liten skule, 160 elevar, 35 tilsette*

*Individuell tilpassing og differensiert undervisning*

*Læringsutbyttet er høgt og drop out er lågt*

*Interkulturell dimensjonering - med sluttprodukt*

*Den lette skulesekken - Nettbrett i Helsefag og Norsk*

*Elev PC-ar*

*PULS-verktøy*

*Yrkesmessa*

*Yrkesmessa er arrangera sidan 1983 og utvikla seg frå ei skulemesse til ei yrkes- og jobbmesse med sterk deltaking frå næringslivet i regionen*

*Ei utfordring til kommunane i regionen:*

*Gjere dei kommunale jobbane meir synlege for ungdom, det er mange som vil utdanne seg til framtidige kommunale jobbar.*

*Kommunane må samarbeide på kryss av kommunegrensene på yrkesmessa, slik at ein får ein heilskapleg presentasjon av regionen sitt jobbmangfold.*

*Vedtak:*

*”Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande. Rådet ber Rådmannsutvalet om å syte for at Vest-Telemark kommunane vert representert på Yrkesmessa på Dalen 2012.”*

## Sak 66/2011 Orienteringssaker

- Vest-Telemarktreffet.  
Elisabeth Lid orienterte om treffet 2011. Det var eit vellukka arrangement. Det tekniske fungerte og frammøte var tilfredsstillande. Gjennom Vest-Telemarktreffet vert det laga ein arena og kommunane bør nytte denne. Denne gongen var det ikkje alle kommunane som nytta denne arenaen. Det er viktig at Vest-Telemarktreffet er forutsigbart og kjem kvart år. Det kom omlag 90 personar i år. Viktig å tydeleggjere kommunane si rolle på treffet.
- Høgfartsbanen over Haukeli, status for arbeidet.  
Arne Vinje orienterte under sak 61/2011. Det er viktig å rigge eit politisk forum for Høgfartsbane. Fylkeskommunen ynskjer å vera med på denne prosessen ifylgje fylkesordføraren. Høgfartsbanekonseptet er viktig for Telemark og det er viktig at ein får eit politisk trykk for å få realisert Haukelibanen.  
Det er ynskjeleg at ein saman med fylkeskommunen kan få til eit samarbeid mellom Haukelibanen og Jernbaneforum Sør sitt konsept. Dette kan skape ein sterkt politisk allianse for utvikling av jernbanen i Telemark.
- Felles kommunestyremøte. Det vart drøfta korleis ein skal organisere dette. Skal det avgrensast til formannskapet. Felles rådmann og formannskapskonferanse saman med KS? Fylkesutvalet vil i løpet av vinteren ha møter med kommunane.
- Bruken av BU midlar. FMLA ynskjer innspel til handlingsprogrammet for 2012. Frist 10. november 2011
- Folkehelsearbeidet. Folkehelskonferanse.
- Skjønnsmidlane 2012. Prosessen for bruken av Fylkesmannen sine skjønnsmidlar. Lage ei oversikt over bruken av skjønnsmidlane dei siste åra.

Referent: Haldor Kaasin